

## ***STYREPROTOKOLL***

Torsdag **22. februar 2018** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Astri Furumo.

<b>MØTESTAD:</b>	Tysvær Rådhus, kantinen
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 16.20 – 17.20
<b>AV MEDLEMMENE MØTTE:</b>	Astri Furumo, Simon Næsse og Siv Bente Stople Østbø
<b>MØTANDE VARAMEDLEM:</b>	Ingen
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>FRÅ SELSKAPET MØTTE:</b>	Dagleg leiar Toril Hallsjø
<b>INNKALLING:</b>	Ingen merknader
<b>SAKSLISTE:</b>	Ingen merknader.

### **Følgjande saker blei handsama:**

#### **SAK 1/18 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 13.12.17**

**Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:**

Protokoll frå styremøtet 13.12.17 blir godkjent.

**Styrehandsaming 22.02.18:**

Styret hadde ingen merknader.

**Samrøystes vedtak 22.02.18:**

*Protokoll frå styremøtet 13.12.17 blir godkjent.*

#### **SAK 2/18 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 22.02.18**

**Vedlegg:**

1. NKRF si kontrollutvalgskonferansen 7.- 8. februar på Gardermoen
2. FKT si sekretariatskonferanse 20.-21. mars på Lillestrøm
3. Ny høgsterettsdom – erstatningsansvar for dagleg leiar i eit AS
4. Varsel om generalforsamling for KS Bedrift 19.04.18 på Fornebu
5. KOSTRA-rapportering 2017
6. FKT si kontrollutvalgskonferanse 29. – 30. mai på Gardermoen

**Styrehandsaming 22.02.18:**

Dagleg leiar orienterte og styret kom med kommentarar til NKRF si konferanse og kommande konferansar.

Styret meinte det ikkje var naudsynt at styremedlemmane hadde styreforsikring i dette selskapet, men ville oppmoda kommunane til å vurdere slike ordningar i større selskap med store økonomiske forpliktingar.

Dagleg leiar informerte at rapportering til SSB var sendt, då dette vedlegget mangla i sakspapira.

**Samrøystes vedtak 22.02.18:**

*Referatsakene 1- 6 blir tatt til orientering.*

**SAK 3/18 – STATUSOVERSIKT PR. FEBRUAR 2018**

**Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:**

Statusoversikt pr. februar 2018 blir tatt til orientering.

**Styrehandsaming 22.02.18**

Økonomirapport pr. 22.02.18 blei delt ut. Dagleg leiar orienterte om arbeidssituasjonen, utviklingstiltak, økonomien og planar. Val av stad og aktivitet for personalsamlinga i august blei støtta av styret.

**Samrøystes vedtak 22.02.18:**

*Statusoversikt pr. februar 2018 blir tatt til orientering.*

**SAK 4/18 – ÅRSOPPGJER 2017 OG UTKAST TIL ÅRSMELDING 2017**

**Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:**

Styret godkjenner utkast til årsmeldinga slik han ligg føre (med evt. endringar/tillegg).

Styret godkjenner årsoppgjeret 2017 for HKS IKS slik det ligg føre med eit positivt årsresultat på kr 31.198.

Styret vil gjere framlegg om at årets overskot blir lagt til opptent eigenkapital.

**Styrehandsaming 22.02.18**

Dagleg leiar orienterte om rekneskapen og årsmeldinga. Då meldinga dekkjar to formål som rapport om sekretariatet sin aktivitet og styret si melding (lovkrav til innhald ), gjorde Østbø framlegg at det blei tatt inn talet på styresaker, på same måte som talet på kontrollutvalssaker.

Dagleg leiar og dei andre støtta dette, og var samd i eit tillegg på side 1 fjerde avsnitt:

*«Styret har handsama 22 saker, der 4 saker er sendt vidare med innstilling.»*

Årsmeldinga og rekneskapen blei så signert. Sekretæren leverer dokumenta til revisjonsselskapet KPMG.

**Samrøystes vedtak 22.02.18:**

*Styret godkjenner utkast til årsmeldinga slik han ligg føre med eit tillegg på side 1, fjerde avsnitt.*

*Styret godkjenner årsoppgjeret 2017 for HKS IKS slik det ligg føre med eit positivt årsresultat på kr 31.198.*

*Styret vil gjere framlegg om at årets overskot blir lagt til eigenkapitalen.*

**SAK 5/18 – REGULERT BUDSJETT 2018**

**Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:**

Styret godkjenner regulert budsjett for 2018 slik det ligg føre.

**Styrehandsaming 22.02.18:**

Styreleiar viste til styret si fullmakt frå representantskapet. Dagleg leiar orienterte om føreslåtte endringar. Endringane gjaldt fyrst og fremst i lønsbudsjettet og berekning av pensjonspremie og feriepengar. Styret hadde ingen merknader til reguleringane.

**Samrøystes vedtak 22.02.18:**

*Styret godkjenner regulert budsjett for 2018 slik det ligg føre.*

**EVENTUELT**

Ingen saker blei meldt.

I følgje møteplan er neste styremøtet **tysdag 3. april kl. 16.00**. Rekneskapen med revisjonsmelding vil då bli lagt fram på ny, samt sak om budsjett for 2019 og økonomiplan 2019 - 2022.

Aksdal, 22. februar 2018

Astri Furumo ( sign.)  
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)  
Dagleg leiar